

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Solund kontrollutval

Møteinnkalling

Møtedato: 28.10.2014
Møtestad: Solund kommune, møterom i bankbygget
Møtetid: Kl. 11:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet,

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no

Tlf. 57612785/mobil 97170064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
020/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/14	Skriv og meldingar
022/14	Budsjett 2015 for kontrollutvalet i Solund
023/14	Oppfølgingliste 4-2014
024/14	Eventuelt

Med helsing

Rune Steinsund
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 28.10.2014	Saksnr 020/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/263
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 28.10.2014	Saksnr 021/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/189
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.10.2014	Sak 038/14 Tertialrapport 2014 nr 2, handsaming i kommunestyret 23.10.2014	670
21.10.2014	Sak 043/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt sjukefråvær og system for oppfølging, handsaming i kommunestyret 23.10.2014	671

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	065/14	16.10.2014	KJEMON
ADMINISTRASJONSUTVAL	005/14	16.10.2014	KJEMON
KOMMUNESTYRE	038/14	23.10.2014	KJEMON

Avgjerd av: Solund kommunestyre	Arkiv: K1-210 Objekt:	Arkivsaknr 14/246
---------------------------------	--------------------------	----------------------

TERTIALRAPPORT 2014 NR 2

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

16.10.2014 ADMINISTRASJONSUTVAL

Administrasjonssjefen hadde ein detaljert gjennomgang av rapporten og talmaterialet som låg til grunn for framlegg til overordna budsjettjusteringar.

FELLES INNSPEL TIL ENDRING AV INVESTERINGSBUDSJETTET FRÅ SOLUND ADMINISTRASJONSUTVAL V/ORDFØR OLE GUNNAR KRAKHELLEN:

- sanitæranlegg Hersvik vert auka med kr. 50.000
- Enøk-tiltak vert auka med kr. 50.000
- Bibliotek/møtelokale vert redusert med kr. 25.000
- Skule ombygging skulekjøken klasserom vert redusert med kr. 75.000

Administrasjonsutvalet vil peike på at det er viktig at midlar til arbeidsmiljøtiltak vert prioritert oppatt ved budsjetthandsaming 2015.

Votering:

Det vart først røysta over administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak.

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over administrasjonsutvalet sitt innspel.

Administrasjonsutvalet sitt innspel vert samrøystes vedteke.

A-005/14 VEDTAK:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

Innspel til endring av investeringsbudsjettet:

- sanitæranlegg Hersvik vert auka med kr. 50.000
- Enøk-tiltak vert auka med kr. 50.000
- Bibliotek/møtelokale vert redusert med kr. 25.000
- Skule ombygging skulekjøken klasserom vert redusert med kr. 75.000

Administrasjonsutvalet vil peike på at det er viktig at midlar til arbeidsmiljøtiltak vert prioritert oppatt ved budsjetthandsaming 2015.

16.10.2014 FORMANNSKAP

Votering:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.

FOR-065/14 VEDTAK:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

DOKUMENTLISTE:

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
-----------	----------	-----------------	--------------------------	---------------

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

Kommunelova m/rekneskapsforskrifter

Sak om Budsjett 2014 / Økonomiplan 2014-2017

Sak om årsrekneskap og årsmelding for år 2013

Sak om budsjettendringar tertial nr. 1 år 2014

Revidert nasjonalbudsjett / Kommuneøkonomiproposisjonen

KS sin prognosemodell

Kommuneopplegget – Fylkesmannen sitt rundskriv

Oversikt over lån, avdrag og renter

Vedlegg i saka Tertialrapport nr 1 år 2014

KVA SAKA GJELD:

Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal vise noko om status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett. Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått.

SAKSUTGREIING:

Det har ikkje kome til vesentlege endringar i frie inntektene eller andre eksterne rammeføresetnader, sidan siste rapporteringspunkt. Likevel kjem det fram at det er grunn til å vurdere årets skatteinngang på nytt, fordi skatteveksten i landet har gått ned, og den ekstra høge Solund-veksten er vorten dempa sidan siste rapporteringspunkt.

I den daglege drifta er det dei høge vikarbyrå- og overtidskostnadane ved helse-og omsorg som først og fremst skaper avvik. Meirkostnadane her, kjem ikkje av vanstyring, men fordi det har vore vanskar med å rekruttere naudsynt fagpersonell til sektoren. Denne utfordringa er i skrivande stund løyst.

Rapporten gjer framlegg om kor i drifta ein kan finna inndecking for dette avviket. Både ved ansvar 210 og ansvar 620, vert det tilrådd ein høvesvis stor reduksjon i årets ramme. Dette skuldast i stor grad vakansar, skuvning av ressursbruk og forventa reduksjon i andre driftsutgifter.

Det er elles høvesvis få og små avvik knytt til den daglege drifta.

Det kjem fram i denne rapporten at det er meldt inn ein del vesentlege endringsbehov på investeringar. Det er presentert ei løysing på korleis ein kan finna dekning for desse, og dermed koma vidare med desse prosjekta.

VURDERING:

Meirutgifter og mindreinntekter som er presentert i denne rapporten er løyst innafor den opphavlege totale fordelinga til drift.

Råmene er svært strame, men med strenge prioriteringar og dersom føresetnadane som er lagt til grunn vert ein realitet, kan det gå mot balanse i drifta ved årsslutt, utan at det skal gå ut over innbyggjarane sitt tenestetilbod.

Dette er positivt med tanke på vidare budsjett- og planprosessar for Solund kommune.

KONKLUSJON:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2014 vert tatt til vitande.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:



TERTIALRAPPORT NR. 2 ÅR 2014

Innleiing:

Medio mai kvart år, vert både revidert statsbudsjett og kommuneøkonomiproposisjonen lagt fram og tertialrapport nr. 1 prøver å ta omsyn til dei signal som kjem i denne; - både i høve årets budsjett og for komande planperiode.

Det endeleg vedtekne reviderte nasjonalbudsjett frå ultimo juni, gav svært små endringar i høve framlegget. Etter dette har dei økonomiske føresetnadane ikkje vorte justert sentralt.

Ved framlegging av statsbudsjett primo oktober dette år, vert signal frå mai/juni vanlegvis stadfesta. Samstundes vert neste års ramme presentert i neste års kroneverdi.

I begge desse tunge proposisjonane kjem det fram kva kommunane får å rutte med av frie inntekter inneverande år og for dei 4 komande driftsåra. Det skal til ei kvar tid vera mogleg å planlegge for framtida.

Det er folketeljinga pr. 1. juli inneverande år, som neste års rammeføresetnader byggjer på.

Det er eit prinsipp at årets rammeføresetnader (presentert ved inngangen til budsjettåret), skal vera føreseielege, sjølv om folketeljingane kan svinga i driftsåret.

Teljinga den 1. juli d.å., synte ein nedgang frå året før. Dette påverkar ikkje årets drift, berre neste års rammeføresetnader.

På vegne av kommunane, bryt KS signal / vedtak og folketeljingar ned på kommunenivå, og utarbeider ein prognosemodell for inntektene dei komande 4 åra.

Denne prognosen ligg til grunn for vurderingar som vert gjort i høve denne tertialrapporten så vel som for komande budsjett- og økonomiplanprosess.

Tilhøve til tertialrapport nr. 1 og budsjett- og økonomiplanprosess:

Det vart gjort eit omfattande arbeid ved førre tertialrapportering med å få budsjettet for 2014 både realistisk og i balanse. Marginar vart minimalisert for alle einingar.

Tertialrapport nr. 1 stadfestar dette. Også at det rådde ei viss usikkerheit om det var mogleg å halde råmene pr. avdeling, sjølv om ein konkluderte med at dette skulle vera mogleg å få til.

Det har vore gjort omfattande endringar /vedtak i organisasjonen dei siste åra, som har fått konsekvensar for drifta i inneverande år.

Vedtak om skulestrukturendringar og innføring av nye driftsmodellar med fellesturnus innan pleie-, helse- og omsorgssektoren, var forventa å skulle gje vesentlege reduksjonar i driftsnivået.

Men det syner seg at alle vinstar ikkje kan hentast ut, før det oppstår naturlege avgangarar.

Ved tertialrapportering nr. 1 var det kome til mange nye endringar i dei interne rammeføresetnadane, samanlikna med det ein forventa i budsjettprosessen hausten 2013.

Det vart difor gjort mange nye grep for å tilpassa drifta til både inntektsnivå og den lokale røynda.

Dei nye føresetnadane for å oppnå balanse ved årsslutt, vart opplyst i tertialrapport nr. 1.

Samfunnet og den kommunale organisasjonen er i stadig endring og ein må tilpassa råmene til korleis organisasjonen til ei kvar tid er sett saman. Endringar kan så absolutt vera eit sunnheitstrekk.

Men når ein veit at «marginen er så liten», og «driftsområde så stort», så skal det diverre små endringar til, før ein er nøydd å involvere politisk nivå og justera seg på rammenivå.

Det vart skissert ei rekkje føresetnader for å kunna oppnå balanse i tertialrapport nr.1.

Dei føresetnadane som ikkje har slått til, vil føra til eit avvik ved årsslutt.

Det har vore tenesteområde som har vore vanskeleg å budsjettert på rett nivå og det kan vera uforutsette hendingar som har kome til i siste tertial. Slikt fører også til avvik ved årsslutt.

Denne tertialrapporten foreslår m.a. korleis ein kan løysa nye avvik og korleis finna økonomisk balanse i drifta ved årsslutt.

Endringar i rammeføresetnadane til kommunen - overordna inntekter og utgifter:

Tilhøve mellom frie inntekter og folketalsutviklinga

Folketejingar i driftsåret har ikkje noko å seie for årets frie inntekter.

Ein er kjend med at folketalet pr. 1/7 er på 799 stk. Dette er ein nedgang i folketalet sidan fjoråret.

Nedgangen frå år 1/7 2013 vil kun ha noko å seie for neste års budsjett.

Det er ikkje så stor skildnad i korleis desse tala er vektta mellom dei eldste av oss. I gruppa 79-89 og 89+ så er tala identiske, medan det for dei yngste aldersgruppene er ein nedgang, sjølv om det no frå skulestart viser seg at skulen driftar med fleire born enn det statistikken syner.

Også i barnehagen ser det no ut til at brukargruppa er veksande igjen mot slutten av 2. tertial (jf. tal søknader).

Folketalet og konsekvensar for framtida, vert kommentert ytterlegare i samband med den føreståande budsjettprosessen.

Rammetilskot:

Det har ikkje skjedd vesentlege endringar i kommunen sine frie inntekter sidan førre rapporteringspunkt.

Då revidert nasjonalbudsjett vart endeleg vedteke ultimo juni, kom det til ei mindre generell endring som førte til at Solund kommune bikka hundretusen-avrunde i positiv lei.

Forventa auke rammetilskot = kr. -65'.

Skatt:

Etter 1. tertial kunne det sjå ut som om Solund kommune ville få ekstra høge skatteinntekter i høve det som var berekna samanlikna med tidlegare år. Det vart lagt inn 0,3 mill. i forventa netto meirinntekter (skatt fråtrekt inntektsutjamning).

Etter 2. tertial syner det seg at utviklinga har snudd og denne særskilde lokale meirveksten er dempa vesentleg. Det er å anta at mykje av årsaka til dette, er nedgangen i folketalet 1. halvår.

Likeins har den sentrale skatteveksten vorte vesentleg redusert sidan nyttår.

Det er vanskeleg å vurdere korleis dette siste faktum vil slå ut på samla netto skatteinnngang for vår kommune, og kor vidt den sentrale skattereduksjonen kjem til å verta kompensert av regjeringa i det komande framlegg til revisjon av nasjonalbudsjettet (ikkje uvanleg i tidlegare nedgangsår).

Det vert frå administrasjonssjefen tilrådd at den forventede lokale netto meirskatteveksten vert justert til det nivået den har på statistikken pr. 31/8. Det vil seie frå +3,3% til +0,8%. Dette er likevel om lag 3,5% høgare skattevekst enn statleg prognose frå januar 2014.

Forventa reduksjon av endringar i lokal og sentral skattevekst = kr. +265'.

Det har vore vanleg at Fylkesmannen har tildelt ekstraordinære skjønsmidlar til Solund for inneverande år, i samband budsjettprosessen for komande år.

Det vert ikkje tilrådd å forskottere slike inntekter på noverande tidspunkt.

Sum rammetilskot og skatt:

Med bakgrunn i det som er presentert ovanfor:

Forventa netto auke i skatt og rammetilskot = kr. +200'

Andre generelle statstilskot:

Storleiken på tilskota følgjer Husbanken sitt til ei kvar tid flytande rentenivå.

Det har ikkje vorte vesentlege endringar sidan nyttår og det er grunn til å tru at inntektene er på eit realistisk nivå etter nedjusteringa ved 1. tertial. I fall det vert avvik, grunna at rentekurven har peika litt nedover den seinaste tida, så vil det i så fall verta eit tilsvarende positivt avvik på kommunen si renteutgiftsside.

Forventa andre generelle statstilskot = balanse

Eigedomsskatt:

Eigedomsskatteutskrivninga gav ei meirinntekt på om lag kr. 250'. Dette er før den endelege klagehandsaminga vert gjennomført.

Det vert forslått å auka budsjettanslaget for desse inntektene, men då med fråtrekk for ein mindre margin (-50'), til inndecking for eventuelle nedjusteringar av skatteinntektene etter klagehandsaminga. Delar av meirinntektene (100') vert foreslått nytta til å dekkja meirutgifter knytt til innføringsprosessen, og då som ei auka overføring til til investering, der prosjektkostnadane løper.

Forventa auka eigedomsskatteinntekter = kr. -200'

Renter og avdrag

Renteinntekter og utbyte:

Signal tyder på at rentenivået vil halde seg lågt utover hausten.

Dersom det vert svikt i inntekter her, vil reduserte renteutgifter få eit tilsvarende positivt avvik. Bankavtalen er nyleg reforhandla for HAFS samla sett, og renteinntektsnivået på kommunen sin konsernkonto vil for neste 5-årsperiode vera på 3 mnd. NIBOR +0,7%.

Utbyte er utbetalt til kommunen på budsjettert nivå.

Forventa renteinntekter og utbyte = balanse

Renteutgifter og avdrag:

Vurderinga av renteutgiftene er som for kommentarane knytt til renteinntekter og andre generelle statstilskot avsnitta ovanfor.

Pr. i dag er Solund kommune sine flytande rentevilkår på om lag 2,15%.

Om renta går ytterlegare ned, noko den kan gjere utfrå siste tids signal, så vil det truleg verta ein liten buffer på budsjetterte netto renteutgifter for kommunen.

Denne bufferen vert nytta til å dekkja kjøp av tenester knytt til reforhandling av ny bankavtale.

Forventa rente- og avdragsutgiftene = balanse

Avsetnader – bruk av avsetnader:

Som kjent vart det hausten 2013 tildelt 1,0 mill. i ekstraordinære skjønsmidlar. Midlane vart øymerkt arbeidet med å få driftsnivået ned på eit «sunt» nivå samanlikna med kva ein kunne forventa av driftsinntekter i framtida.

Det var eit mål ved inngangen til budsjettåret å unngå bruk av desse midlane. Dette førte til ekstra tøffe rammevilkår i drifta.

Ved første tertial vart det vedteke å bruke kr. 250' av desse midlane. Samstundes vart skatteinntektene auka med kr. 300'.

Som følge av skattesvikten som nemnt ovanfor, og utfordringa ved å få driftsnivået ved helse- og omsorg ned på ynskjeleg nivå raskt nok, vil administrasjonen tilrå ein ytterlegare reduksjon i bruken av desse midlane, med kr. 100'.

Netto bruk av disposisjonsfond øymerkt ekstraordinære skjønsmidlar, vert etter dette kr. 650'.

Sum tilrådd redusert bruk av disposisjonsfond = kr. -100'

Overføring til investering:

I samband med innføring av eigedomsskatt er det i større grad enn budsjettert, kjøpt tenester frå private til å gjennomføra takseringsarbeidet, i staden for å nytte egne ressursar.

Dette har ført til meirkostnader utover det budsjetterte. Utgiftsføringa skjer i investeringsrekneskapen og auka utgifter må dekkast ved auka overføring frå drift til investering.

Sum tilrådd auka overføring til investering = kr. +100'

Til fordeling drift

Med bakgrunn i det som er presentert ovanfor, vert det ingen endringar i overført sum til daglege driftsføremål. Oppsummert er det foreslått desse endringane:

Auka rammetilskot	- 65'
Reduserte skatteinntekter	+ 265'
Auka eigedomsskatteinntekter	- 200'
Auka overføring til investering	+ 100'
Redusert avsetnad til disposisjonsfond	- 100'

Som det går fram av tabellen ovanfor, legg ein opp til at dagleg drift skal gå i balanse ved årsslutt, utan å tilføra denne meir driftsmidlar. Som det går fram av det som er skrive vidare, så kan dette vise seg å verte vanskeleg å få til.

Men om alle føresetnadane som er lagt inn slår til, så kan det likevel vera mogleg å få til.

Drifta må uansett innstille seg på eit slikt driftsnivå, eller lægre dei komande driftsåra.

Tilrådd endring i overføring til drift = 0

Gjennomgang av den daglege drifta

Den vidare gjennomgangen tek utgangspunkt i avdelingsleiarane sine eigne rapportar.

Der det vert forventa eit avvik ved årsslutt vert årsaka kommentert særskilt, og det vert skissert løysingar / føresetnader for å koma i balanse ved årsslutt; - herunder trongen for budsjettjusteringar for å nå måla.

Syner det seg at den samla driftsramma vert for knapp, vil budsjetterte avsetnader til disposisjonsfond og til investeringsføremål strokne i årsavslutninga.

Ansvar 100, 120, 121, 130, 410 og 420

Rådmann, Rådgevar skuleadministrasjon m.m., Rådgevar samferdsle, plan m.m., Biblioteksjef, Leiar Frivillegsentral og Kulturskulerektor

Under desse rammene sorterer svært mange tenester, m.a.:

- Politisk leing og administrativ leing
- Revisjon / kontrollutval
- Stabsfunksjonar som t.d. økonomiforvaltning / IRK, Servicekontor / IKT, Fellesutgifter m.m.
- Sektorovergripande prosjekt (t.d. BULYST, «Innovasjon og fornying» - fullelektronisk arkiv herunder digitalisering av økonomifunksjonar, innføring av eigedomsskatt, sommarjobb for 13-17 år, HAFS-skuleregion m.fl.)
- Overordna personal, Tillitsvald, Lærlingar
- Utleige kommunale husvære / Samferdsle / Anna Infrastruktur
- Bibliotek
- Frivillegsentral, herunder Gjenbruksbutikk og Voluntørtjenesta
- Turistinformasjon
- Kulturskule (nytt frå 1/8 2014)
- Flyktningar / integrasjon
- M.m.

Ansvar 100

Arbeid med omstrukturering / omorganisering:

Arbeidet med å få tilpassa ein ny organisering til både nye og endra oppgåver oppgåver tingar seg fram, og er eit prioritert arbeidsområde:

- Som det går fram av opplistinga i innleiinga til desse ansvarsområda ovanfor, så er administrasjonen og den sektorovergripande tenesteytinga etter kvart mangslungen og det må ei evaluering og ei endring til for å verta meir straumlinjeforma i drifta.
- Det er også oppgåver ved andre ansvarsområde, som drifrar tenester som er i skjeringspunktet mellom stabs- og linjefunksjonar. Desse må også inngå i evaluerings- og endringsprosessane
- Dei store strukturelle organisasjons- og digitaliseringsprosessane som har gått føre seg, og vil halde fram med full tyngde i eigen organisasjon, krev tett oppfølging og kanskje omstrukturering av personell.
- Regionale og sentrale satsingar og reformprosessar, krev også at organisasjonen / administrasjonen er «på høgget» og står best mogleg rusta til å møte dei endringane som kjem

til. Kommunen set dermed seg sjølv i førarsetet og er i stand til å ta på seg nye oppåver og løyse desse på ein profesjonell måte, i staden for stendig å gi tapt og «selje ut» oppgåver og arbeidsplassar.

- Dei reduserte økonomiske rammevilkåra er også eit vesentleg argument for å gå gjennom organisasjonen og optimalisere denne.

For at ein skal lukkast å få til ein god prosess, er det ynskjeleg å nytta ein ekstern prosessleiar.

Det finst OU-midlar som det no er søkt på, som skal dekke desse kostnadane. Korleis den vidare framdrifta vil verta, er avhengig av svaret på denne søknaden.

Det er ingen grunn til å venta på kva ein ny kommunestruktur vil føra til, heller tvert om, ved å setta organisasjonen på ein best mogleg mote for å møte innbyggjarane sine behov, set kommunen betre i stand til å møte ei eventuell friviljug eller påtvungen endring på dette planet.

Prosjekt «Fornyng og innovasjon - Fullelektronisk arkiv» :

Det vert også arbeidd aktivt med å få på plass eit fullelektronisk arkiv. Arbeide er prosjektorganisert og ein har prioritert først å arbeide med å digitalisera økonomikontoret. Her kan nemnast:

- Innføring og bruk av elektronisk handelsformat på fakturaer(EHF-faktura); - inngåande og utgåande; - herunder automatisert innlesing av fakturaer (Readsoft)
- Innføring og tilbod om e-faktura til innbyggjarane
- Innføring og bruk av E-handel.
- Deltaking i den fylkeskommunal (digitale) innkjøpsordning
- Innføring og bruk av elektroniske reiserekningar
- Innføring og bruk av KOMTEK; - program for å kunna handtere gebyrutskrivinga meir effektivt og rasjonelt; - herunder utskrivning av dei mange nye eigedomsskattegebyra
- Oppstart prosess NOTUS-integrasjon (elektronisk ressurstyring). Det vil seie elektronisk produksjon / overføring av timelister i helse- og omsorgssektoren.
- Det er lagt til rette for å starte integrasjonsprosessen mellom Extens og løn for skulesektoren
- Opplæring og tilretteleg for den nye A-ordninga (stor endring i rapportering av løns- og skattedata - løns- og trekkodane skal bort). Denne ordninga skal gjelde frå 1. januar 2014.
- Det er starta ein prosess for å få på plass eit moderne og brukarvenleg økonomisystem innan 1/1 2016.

Vidare har prosjektleiar starta opp med å rydde og registrere arkiv ved dei ytre einingane.

Ei eiga styringsgruppe er komen på plass. Prosjektleiaren følgjer no innhaldet i revidert prosjektplan.

Frametter vil Fylkesarkivet verta meir aktivt trekt inn og involvert, sidan ein no startar opp arbeidet med å få ny arkivplan på plass. Det betyr at prosessen med sjølve avleveringa og digitalisering av gamle- og ytre arkiv snart kan starta opp.

Det vert tilrådd at den øyremerkte løyvinga til fullelektronisk arkiv på kr. 100', på ansvar 800 – til formannskapet sin disposisjon, vert frigjort til innkjøp av hardware/programvare knytt til alle dei pågåande digitaliseringsprosjekta.

Dette vert nemnt som eit eige punkt i budsjettjusteringssaka som følgjer tertialrapporten.

Innføring av eigedomsskatt:

Innføring av eigedomsskatt er fullført, og ein er no i gang med oppryddings- og klagehandsamingsarbeidet.

Det har synt seg å vera ein svært ressurskrevjande innføringsprosess, m.a. fordi det har vore trong for ei vesentlege opprydding i Matrikkelen. Det har også kome til uforutsette fråvær midt i denne prosessen.

Oppryddinga kan skuldast både:

- Feilregistreringar internt på eigarskap, kor bygningar er plassert i kart, kor mange bygningar som faktisk er på eigedomen, status på bygningar, eigarskap, eigarrepresentant og areal på bygning og eigedom; - herunder feil etter Kartverket sitt masseregistreringsarbeid som ikkje er gjort noko meir med internt
- manglande innleverte søknader og dokumentasjon frå eigar sin del. T.d var det ikkje uvanleg i forne tider med «shake-hands» og munnlege avtalar og virtuelle grensemerker.

I mange høver skuldast innmelde saker ein kombinasjon av desse to tilhøva.

Det er registrert om lag 220 unike gards- og bruksnummer som det på ein eller andre måte er klaga på og/eller innmeldt feil på. Desse må i større eller mindre grad arbeidast vidare med.

Når ein tek bort alt som er knytt til feilregistrerte data. Så sit klagenemnda att med vel 50 klager som ein kan rekna som direkte klage på verdifastsetjinga av eigedomen.

Ein tek sikte på å verta ferdig med 1. klagehandsamingsrunde innan utgangen av november.

Det pågår eit løpande arbeid med å klare opp i og få omregistrert det som måtte vera av feil og manglar i Matrikkelen. Målet er å få minimert tal saker og få til ein best mogleg utskrivingskvalitet, til ny utskrivning av eigedomsskatt skal skje for neste år (frist = 1. mars 2015).

Det er gjort eit framifrå arbeid frå nemnda si side, både med å utarbeide og få på plass takseringsreglementet for kommunen, samt å fastsetje sjølv takstgrunnlaget for alle eigedomar i kommunen (ekskl. næringseigedomar og verk og bruk).

Naudsynte budsjettendringar knytt til denne innføringsprosessen, er tilrådd under eige avsnitt «eigedomsskatt» og «overføring til investering» innleiingsvis.

Jamfør også det som er skrive under avsnittet «investeringsprosjekt» avslutningsvis.

BULYST-prosjektet / Strategisk utviklingsprosess:

Bulyst-prosjektet har hatt eit høgt aktivitetsnivå og det er eit godt samarbeidsklima mellom bulyst-fokuserte stillingar i kommunen, så vel som mellom Bulyst og næringsliv og lag- og organisasjonar.

Ei sentral oppgåve for Bulyst-koordinatoren dette tertialet, har vore å starte opp og drive fram kommunen sin «Strategiske utviklingsprosess». Denne prosessen har kome som følge av ei eiga satsing /opplæring på omdømebygging.

Eksterne konsulentar (Tibe samfunn) er engasjert som prosessleiarar i dette arbeide og det vert i desse dagar arbeidd særskilt med å finna fram til ein samfunns- og næringslivsovergripande visjon og fellesverdiar; - noko som i sin tur set Solund på kartet og skal skape felles identitet og entusiasme i bygdene våre.

Arbeide med dette, skal munne ut i ein felles strategisk handlingsplan.

Både næringsliv, lag- og organisasjonar, så vel som den kommunale organisasjonen har då noko å bygge vidare på, når eigne visjonar, profilar og eigne satsingsområde skal definerast.

Proessen gjev eit godt grunnlaget for å kunna rullera dagens kommuneplan.

BULYST-prosjektet er også involvert i ei mengd andre oppgåver, som t.d. å få på plass ei eiga

«fotobok», gjennomføre tettstadformings-, skateboard- og klatreparkprosjekt, samt andre prosjekt og oppgaver som er nemnt i tidlegare rapportar.

IKT – mobil- og fiberutbygging

Det har skjedd og skjer ei rivande utvikling på dette område og ein ser no at tidlegare definerte og budsjetterte satsingar no vert gjennomført. Det vere seg mobilstasjonutbygging på Kverhellen, Strand, Hersvik, så vel som for fiberutbygginga frå Sildevika-Eide.

Ekstra gledeleg er det at satsinga på fiberutbygginga til Ytre Sula no ser ut til å verta ein realitet. Dette krev nye kommunale matchingsmidlar. Dette kjem ein attende til ved budsjett- og økonomiplanhandsaminga.

Forventa resultat ved ansvar 100 = balanse

Ansvar 100 / 120 - Rådgjevar oppvekst og overordna personal

Som gjeld ansvar 100:

Våren har vore prega av tilsetjingar og alle einingar har vore gjennom tilsetjingsprosess.

Tilsetjingsprosess tek tid og stillingar har vorte utlyst i 1. tertial og fullført i 2. tertial.

Nytt av året var bruk av nyutvikla og spenstige utlysingsmalar. Fleire ledige stillingar har hatt auke i tal søknader samanligna med tal søknader ved tidlegare utlysingar.

Årsaka er nok samansett. Det kjem fram av søknader og intervju at Solund vert «oppdaga» gjennom omtale i ulike media: TV-program, ulike artiklar, via ulik mediadekning av verksemder frå Solund, kjennskap til kommunen, mm. Stillingar med krav om særskilt kompetanse eller spanande arbeidsoppgåver viser seg å «slå an».

Det er grunn til å merke seg at barnehage og skule starta hausten 2014 med personalgruppe som i stor grad har pedagogisk kompetanse. Dette er svært gledeleg.

Innan helse- og omsorgstenesta er trenden at det er utanlandske søkjarar til ledige stillingar med krav om helsefagleg kompetanse. Dette stiller krav om tilfredstillande norsk-språk-kompetanse.

Sommaren 2014 gjennomførte Solund kommune eit eige sommarjobb-prosjekt retta mot 13 – 17 åringar. Evaluering viser at dette var eit positivt tiltak: ungdomen har sett pris på å ha sommarjobb og einingane har hatt nokre hender ekstra som har utført oppgåver som har gjeve glede, både kortsiktig og langsiktig.

Målsetjinga med prosjektet har vore delt:

1. Rekruttering. Synleggjere ulike arbeidsoppgåver i offentleg regi. Kanskje dette kan bidra til at ungdom ønskjer å ta naudsynt kompetanse for framtidig stilling i Solund kommune.
2. Positiv oppleving ved å arbeide i Solund
3. Førebygge feilval i vidaregåande opplæring og bidra til at vidaregåande opplæring vert fullført.

14 ungdomar i alderen 13 – 17 år hadde sommarjobb i kommunen.

Solund kommune budsjetterte kr 50 000,- til prosjektet. I tillegg fekk leikeressursprosjektet kr 18 000,- frå fylkesmannen. Der ungdommane har gjennomført direkte arbeid som var knytt til prosjekt er dette finansiert gjennom det konkrete prosjektet.

Ungdomane rullerte mellom fleire einingar.

Prosjektet har skapa forventningar for sommaren 2015 og tiltaket bør vidareførast. Sommaren 2014 vart det gjeve differensiert jobb-tilbod frå 25 t til dei yngste til 60 t for dei eldste. Målet må vere å kunne gje minst 14 dagar til kvar ungdom. Dette vil truleg gje meir innsikt og motivasjon.

Som gjeld ansvar 120:

Drifta har vore som planlagt innan ansvarsområdet. Av nye prosjekt deltok barnehage- og skulefagleg ansvarleg og rektor på oppstartsamling av «Ungdomstrinn i utvikling».

Solund barne- og ungdomskule starta på prosjektet ved skulestart august 2014.

Solund barnehage var vertskap over 2 dagar for om lag 35 assistentar i HAFS+Høyanger oppvekstregionen, som gjennomførte grunnkursopplæring.

Rådgjevar oppvekst er regionsleiar også kalenderåret 2014 grunna behov for kontinuitet.

Som følge av sjukemeldingar lokalt, og vakans regionalt, vert det forventa eit mindreforbruk ved PPT- tenesta.

Personalsituasjonen: (sjukmeldingar og hms):

Sjukefråværet har gått vesentleg ned dei siste kvartala (iflg. kvartalsvis rapportar frå NAV).

Dette er svært gledeleg lesnad (sjå eige avsnitt om dette). Dette er også lagt merke til og kommentert eksternt.

Det har vore fokus på oppfølging av tiltak innan IA-arbeid ved å delta på IA grunnkurs.

Det er planlagt intern oppfølging av kurset opp mot interne rutiner.

Forventa meirinntekter og mindreutgifter ved ansvar 120 = kr. -75'.

Ansvar 121 - Oppstart Kulturskule i Solund – nytt ansvarsområde

Får og med medio august starta Solund kulturskule opp med nytilsett rektor.

I det vidare vil en leggja vekt på å finna ei god driftsform og definere ressursbruk kulturskulen sine satsingsområde/fagområde/samarbeidsområde.

For di løyvinga til denne satsinga ligg på ansvar 800 – tilleggsløyvingar til Kommunestyre sin disposisjon, og sidan denne rektoren vert organisatorisk plassert under ansvar 120 «Oppvekst og overordna personal», trengs det ei budsjettjustering til eit nytt definert ansvarsområde (ansvar 121), tilsvarande den løyvinga som er øyremerkt føremålet på ansvar 800..

Konvertert løyving år 2014 frå ansvar 800 = kr. +125'

Ansvar 130 – Samferdsle / eigedomsforvaltning

Det er nyleg meldt om vesentlege økonomiske nedskjeringar i Fylkeskommunen for den komande 5-årsperioden. Denne nedskjeringa vil få følgjer for det kommunale samferdsletilbodet. Dette vil ein også koma attende til ved budsjett- og økonomiplanhandsaminga.

Forventa resultat ved ansvar 130 = balanse

Ansvar 410 - Bibliotek

Etter opprydninga i refusjonskrav frå tidlegare år knytt til reinhald, vart det tilført midlar til dette rammeområde. Nye utrekningar tyder på at det er tilført kr. 25' for mykje til dette rammeområde i denne prosessen.

Forventa mindreforbruk ved ansvar 410 = kr. -25'.

Ansvar 420 - Frivillegsentralen

Voluntørtjenesta – redusert tilskot / endra periodisering

Det vert vist til eigne rapporteringar direkte frå Frivillegsentralen til styret, som er formannskapet i kommunen.

Dei førre voluntørane gjorde ein framifrå innsats for både Frivillegsentralen og innbyggjarane våre. Diverre har den internasjonale utsendingsorganisasjonen endra noko på dei økonomiske vilkår, og rammeføresetnadane er endra dei siste åra. T.d. er det ikkje like god utgiftsdekning på reiseutgifter.

I samband med dei siste åra sine årsavslutningar, har det diverre vorte ei mistyding rundt periodisering av det eksterne driftstilskotet, noko som gjorde at det ikkje vart avsett på fond tilstrekkelege midlar for år 2012/2013, for inndekning av kostnadane for 1. halvår 2014.

Dette tilhøvet kan ikkje leiaren lastast for.

Gjenbruksbutikken

Gjenbruksbutikken har vore i full drift denne sommaren, og då i ei god samdrift med Turistinformasjonen. Butikken framstår som ein god og flott møteplass for både bygdefolk, tilflyttarar og dei gjestande i kommunen.

Det er von om balanse ved årsslutt. Dette krev at inntektsmåla vert nådd.

Turistinformasjonen

Turistinformasjonen har funne sin form og plassering, og er tilliks med gjensbruksbutikken til ålmen glede og åtgaum for dei mange som tek turen innom dette butikklokale.

Det har vore ei god drift denne sommaren.

Forventa underdekning samla sett ved ansvar 420 = kr. +100'.

Nytt mogleg ansvar / satsingsområde - Flyktningar / integrasjon:

Det har vore arbeidd aktivt med dette temaet i det siste tertialet.

Det vert her vist til eiga sak for vidare framdrift / avgjersle.

Føresetnader for samla balanse ved årsslutt:

Det er nokre vesentlege føresetnader som må vera på plass, for at budsjettbalanse skal kunna nåast ved alle desse ansvarsområda ved årsslutt:

- Arbeidet med prosjekt «Fornyng og innovasjon - Fullelektronisk arkiv», må utløyse fullt tilskot i år 2014 (tilsegn 0,3 mill.). Utbetaling skjer først etter at milepælsrapportering pr. 31/12 2014 er godkjend. Om ikkje rapporten vert godkjend, er det mindre von om å få tildelt midlar til del 2 av prosjektet.
- Særskilte tilskotsmidlar frå NAV (ikkje offentleg) kan ikkje verte avkorta (slik som året før), men verta utbetalt kommunen på 2012-nivå (0,3 mill.).
- Det må vera plass i investeringsprosjektet «innføring av eigedomsskatt» til at det kan førast ein andel av administrasjonen sin ressursinnsats direkte i investeringsprosjektet (min. kr. 200'). Dette krev at framlegg til å auka overføring til investering med 0,1 mill. vert vedteken.

Oppsummert administrasjonssjefen sine ansvarsområde:

- **Ansvar 100 - Balanse**
- **Ansvar 120 – kr. -75' (auka refusjonsinntekt / redusert refusjonkrav PPT)**
- **Ansvar 130 - Balanse**
- **Ansvar 410 – kr. -25' (auke refusjonsinntekt / redusert kostnad)**
- **Ansvar 420 – kr. +125' (periodisering av inntekter voluntørtjeneste / avsetnad til fond)**

I tillegg kjem oppretting av Solund kulturskule og konvertering av løyving frå ansvar 800

- **Ansvar 121 – kr. +125'**

Ansvar 210

Hardbakke skule/Solund ungdomsskule (t.o.m. 31.juli)
Solund barne- og ungdomsskule (frå 1.august)

Aktivitetsrapport:

2.tertial inneheld avslutning av skuleåret 2013/2014 og oppstart av skuleåret 2014/2015. Dette skuleåret har skulen 89 elevar, 3 fleire enn førre skuleår. Av desse har om lag ein fjerdedel ein eller begge foreldre med anna språkleg bakgrunn enn norsk. Dette gjev eit spennande mangfald i elevgruppa, og vi har etter kvart mange nasjonalitetar representerte på skulen.

Ved utlysing av lærarstillingar i vår fekk ein fleire kvalifiserte søkjarar enn dei siste åra, og sjølv om nokre søkjarar takka nei til stilling, har ein ved skulestart lukkast i å tilsetje i alle stillingane, sjølv om ein også i år har fleire tilsette utan formell lærarutdanning. To av desse er no i gang med pedagogisk utdanning. På søkjartala i år såg ein at det var viktig å kome i gang med søknadsprosessar tidleg på året, men det er trong for å sjå på om noko kan gjerast for at prosessen skal gå raskare.

Vi har dette året tatt imot 8 nye elevar i 1.klasse, og vi ser at eit godt samarbeid med barnehagen om overgang til skule, har gitt gode resultat. Ved oppstart av skuleåret har også særleg skulemiljø og oppstart av den nasjonale satsinga «Motivasjon og meistring» hatt fokus.

I satsinga «Motivasjon og Meistring» vil klasseleing og lesing vere hovudtema. Gjennom analyse og refleksjon av eigen praksis, skal dei tilsette i skulen i fellesskap utvikle læringsarbeidet i klasserommet. Samstundes er skulen med i prosjektet ASK (Active Smart Kids), eit omfattande forskingsprosjekt i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane som skal undersøke samanheng mellom læring og fysisk aktivitet. Vi ser allereie at dette kan tilføre skulen ny kunnskap og idear til å gjere undervisninga meir praktisk retta.

Skulefritidsordning og leksehjelp.

Frå hausten 2014 fekk skulefritidsordninga utvida opningstid. Ein har no 7 brukarar. Av desse er det 4 som har full plass.

Frå og med dette skuleåret er ordninga med leksehjelp endra. Tidlegare har dette vore ein lovfesta rett for elevar i 1.-4.klasse. Frå og med dette skuleåret kan dette gjevast som eit tilbod til elevar i 1.-10.klasse. Det er kommunen sjølv som vedtek kva klassar dette skal gjelde.

Framtidig organisering av skuledagen.

Det er to endringar som gjer at ein i løpet av hausten bør sjå på organisering av skuledagen for neste skuleår. Dette gjeld endra regelverk for leksehjelp og innføring av valfag for ungdomsskulen. Pr i dag skal ungdomsskulen ha 30 min meir undervisning pr veke enn barneskulen, men grunna skuleskyss har dette vore vanskeleg å få til. Ein har difor samla timar med valfag til ettermiddag/kveld.

Det er frå skulen si side ynskjeleg å finne ei anna ordning på dette frå neste skuleår.

Personalsituasjonen: (sjukmeldingar og hms)

Ved oppstart av nytt skuleår er omfanget av langtidssjukemeldingar redusert, og det er ikkje utfordringar m.o.t. korttidsfråvær.

Forventa avvik ved årsslutt:

Avdelinga melder om at ikkje vil verta meirforbruk ved årsslutt.

Om investeringsprosjekta; - sjå eige avsnitt om investeringar avslutningsvis

Administrasjonssjefen sin kommentar / tilråding:

Utvida SFO-ordning kom seinare i gang enn føresett i budsjettet. Dette gjeld også oppstart av valfagsundervisning.

Det er trong for å finansiera uforutsette tapte inntekter og auka utgifter i organisasjonen elles.

Som følge av dette, meiner administrasjonssjefen at det kan vera rom for å redusera inneverande års budsjett med 0,2 mill. Dette er ein reduksjon som vert ført tilbake, før saldering av budsjettet skal gjerast for neste år.

Forventa mindreutgifter ved ansvar 210 = kr. -200'

Ansvar 211:

Ytre Solund Oppvekstsenter - (I drift fram til og med 31. juli 2013)

Det interkommunale SYSIKT-forprosjektet «Kvalitetssystem», der fokus mellom anna har vore på «avvikshandtering», har vore køyrt og ført over dette ansvarområde sidan våren 2013.

Det kan verte eit økonomisk avvik her, sidan prosjektet har stoppa opp grunna langtidssjukesfråvær. Avviket må i så fall sjåast opp mot samla IKT-kostnader som vert fordelt og fakturert av SYSIKT.

Forventa resultat ved ansvar 211 = balanse

Ansvar 271**Solund barnehage****Status i drifta:**

Barnetalet ved Solund barnehage er redusert dei siste åra – så også tal årsverk:

Tidsperiode	Barn	Årsverk
Vår 2009	44	12,4
Vår 2010	45	
Vår 2011	39	
Vår 2012	35	
Vår 2013	33	
Vår 2014	30	
01.09.2014	22	8,8 + 1,0 lærling

Solund barnehage hadde 32 barn i perioden mai – juli år 2014. Ved oppstart av det nye barnehageåret 01.08 er talet redusert til 22. Etter suppleringsinntak med søknadsfrist 01/09-14, skal Solund barnehage ta imot 6 nye barnehagebarn i løpet av barnehageåret 2014/2015. Auka barnetal vil ikkje

krevje auka ressursar hausten 2014. Det er signal om at det kan koma ytterlegare søkjarar i nær framtid.

Bemanninga har om lag vore den same i perioden 2009-2013; - omlag 12,5 årsverk fordelt på 15 tilsette. Av dei tilsette utgjør styrarressursen 1,0 årsverk. Denne ressursen er ikkje knytt til noka avdeling.

Fleire har vore tilsette i korte eller lengre periodar, opp til eit heilt barnehageår, på midlertidige kontraktar. Ei av årsakene til dette, er at det har vore behov for ekstra personell grunna mangel på pedagogisk bemanning.

Medio oktober byrjar 1 ny pedagog i 100% stilling. Etter år utan å ha drifta etter norm for pedagogisk bemanning, er vi no i takt med lovverket.

Tilsette, fast eller midlertidig, har arbeida ved barnehagen over fleire år. Dei har saman gått gjennom endringar og utfordringar i høve ombygging, delteke på kompetanseheving og bidrege til at vi har ein barnehage av god kvalitet i Solund.

Leiar har kunna tenkt langsiktig i kompetanseheving og personalet framstår som samla og med høgt fagleg nivå. Kompetanseplan for Hardbakke barnehage 2008-2009 hadde som mål at lavaste utdanningsledd skal vere fagarbeider.

Dette målet er nådd.

Fokus på tidleg innsats

Oppvekstsektoren i Solund har dei siste åra hatt fokus på tidleg innsats. Det vart starta eit arbeid i barnehagen der fokus har vore språkstimulering, fysisk aktivitet og sosial kompetanse. Solund kommune ein tilsatt spesialpedagog i 50% stilling. Denne har vore nytta både i barnehage og skule. Solund barnehage har sett gode resultat av å ha kompetanse i eininga. Forebyggjande tiltak kan setjast inn tidleg og barna får tidleg hjelp. Ut frå dette ser ein at barna er godt førebudde på å byrje på skulen. Solund barnehage har dei siste åra fått svært gode tilbakemeldingar frå Solund barne- og ungdomsskule på dette. Skulen ser resultat av at det blir satsa tidleg, og at det pedagogiske arbeidet i barnehagen er positivt, når elevane byrjer på skulen.

Tilbakemeldingar frå foreldre går på at dei er særst nøgde med det arbeidet som pågår i barnehagen.

Mest nøgde er brukargruppa med satsing på fysisk aktivitet og språkutvikling.

Lyse og trivelege lokaler inne medfører at både store og små har gode kvardagar.

Solund barnehage er no godkjent etter « Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule».

Solund barnehage har i dag ei god grunnbemanning. Det er tilstrekkeleg med tilsette på jobb, og arbeidsdagane opplevast som gode.

Solund barnehage er opptekne av å kunne behalde ei fast grunnbemanning. Å kunne gje både brukarar og arbeidstakarar ein forutsigbar kvardag, er av stor betydning. Det er ut frå dette ynskjeleg at Solund barnehage kan ha ei god grunnbemanning som ikkje svingar frå år til år. På denne måten kan ein oppretthalde ein kvalitativ god barnehage, sikre tidleg innsats og barna er godt forberedt på å byrje på skulen. Målet er at ein då får mindre behov for spesialpedagogisk hjelp både på førskule- og skulenivå

Sjukefråvær

Sjukefråværet er lågt, noko korttidsfråvær. Det er ei langtidssjukemelding ved eininga.

Arbeid med arbeidsmiljø og jobbnærvær står framleis sentralt.

Grunna god personaltettleik vil det ikkje verte sett inn vikar ved korttidsfråvær.

Forventa resultat

Det vert drifta noko høgt på løn. Men ein har redusert stillingar frå oppstart av nytt barnehageår, og det er vanskeleg å finna rom for ytterlegare nedskjeringar idag.

Administrasjonssjefen sin kommentar / tilråding

Det rår likevel ein del usikkerheit til kor vidt ein skal klara finansiera ekstra lønsutgifter frå juli-oktober. Dette var ein periode med lågt barnetal i barnehagen. Og for å unngå oppseiingar, for så nokre månader seinare måtte gå til nyttilsetjingar igjen, så har ein behalde ressursane i mellomfasen og heller prøvd å unngå vikarbruk ved kortare eller lengre fråvær.

Ved restriktiv bruk av vikarar ut året, og dersom ein (ikkje offentleg) føresetnad vert oppfylt, så er det von om balanse ved årsslutt.

Forventa resultat ved ansvar 271 = balanse

Ansvar 300

NAV Solund

NAV Solund har pr. 2. tertial 2014 ikkje nemneverdige avvik. Med bakgrunn i aktiviteten så langt i år, vil ein truleg halde seg innan budsjettramma i 2014.

Elles er det gledeleg at vi fekk innvilga tilskot til styrking av det kommunale rusarbeidet i Solund i 2014 med kr 220.000,-. Unytta midlar kan overførast til 2015. Utlysing av stilling i rustenesta vert gjort i nær framtid.

Etter vedteken ruspolitisk handlingsplan, skal det i 2014 takast stilling til om rustenesta skal ligge til ei anna eining i kommunen enn NAV. Det må forståast slik at det i administrasjonen er semje for at rus- og psykisk helseteneste bør samorganiserast.

Ein må sikre lønsmidlar til 20% stilling til rustenesta i åra som kjem.

Administrasjonssjefen sin kommentar / tilråding

Det har ikkje kome til utgifter knytt til kvalifiseringsprogrammet ved NAV. Om desse utgiftene ikkje kjem til ut året, så går det mot eit mindreforbruk ved avdelinga på kr. -50' ved årsslutt

Det vert førebels ikkje tilrådd budsjettendring ved denne avdelinga

Forventa resultat ved ansvar 300 = balanse

Ansvar 310, 312, 315, 360, 370, 371, 372 og 373

Leiar Helse- og sosial, Helsesøster, leiar PU-tenesta, leiar Barnevern, leiar Helse- og omsorg, Avdelingsleiar Solundheimen, Leiar heimebaserte tenester, Kjøkensjef

Ansvar 310 – Lækjartenesta m.m.

Tal konsultasjonar – 340 stk.

Tal gjestepasientar / turistar – 30 stk.

Tal blodprøvar / kontaktar utan lækjarkonsultasjon – 265 stk.

Det er lækjarvisitt kvar tysdag for Solundheimen og Heimesjukepleien i vaktvekene til kommunelækjar 1.

Det er kontordag i Solund for kommunelækjar II kvar 3. onsdag.

Telefonkontaktar vert ikkje registrert, som t.d. bestilling av medisin, fornying av reseptar, tlf. samtalar med lækjar m.m. Eit overslag tyder på gjennomsnittleg 7 slike kontaktar pr. dag. Då er ikkje telefonisk timebestilling- og spørsmål med i registreringa.

Det nye 24 timars blodtrykksapparatet er no tatt i bruk, og gjev innsparingar i drifta. Sjukepleiar og Legesekretær har fått endra turnus og denne fungerer godt.

Ein har enno ikkje kunna ta i bruk det nye telefonsystemet på kontoret, grunna tekniske feil.

Det har vore ein lengre periode med vakanse ved Folkehelsekoordinatortenenesta. Det er no tilsett ein person i stillinga, men det vert antatt at vakansen held fram til nyttår. Det vert ytt tilskot frå Fylkeskommunalt hald til denne tenesta. Det vert forventa ei netto innsparing dette driftsåret.

Forventa netto mindreutgifter ved ansvar 310 = kr. -50'

Ansvar 312 – Helsestasjon

Planarbeid

Kompetanseplan for helse og omsorgstenesta er på plass.

Smittevernplan er ikkje revidert pr. dags dato. Dette skal skje i samarbeid med kjøp av teneste frå Flora Kommune, miljøretta helsevern.

Utfordringar

- Tenesta manglar stillingsomtale for helsestasjonslækjar
- Om måling og veging av elevar i 3 og 8 klasse; - Solund kommune manglar ekstraordinære tiltak for å hjelpe elevar med høg BMI

Økonomi

Framandspråklege har rett på kvalifisert tolketeneste, noko som fører til auka utgifter.

Kommunen fekk kr 100 00,- i overføringar frå staten til å styrkje skulehelsetenesta, noko som tilsvara ei 20 % stilling (som er ført på ansvar 360).

Leiande helsesøster fekk ei auke på 10 % stilling.

Tenesta har no fast trefftid på skulen kvar fredag.

Administrasjonssjefen sin kommentar / tilråding

Det er tilført ekstra midlar til den nye satsinga på helsestasjonstenesta. Men desse midlane er periodisert noko skeivt. Det er trong for å flytte vel kr. 25' frå 2015-løyvinga til år 2014 for å oppnå balanse ved årsslutt. Årskostnaden er likevel på rett nivå.

Forventa meirutgifter ved ansvar 312 = kr. +25'

Ansvar 315 – PU-tenesta

Det har vore ei stor endring i PU-tenesta dei siste år. Personell er overført til Solundheimen. Desse ivaretek aktivitetane for brukarane og samarbeidet fungerer veldig bra. Brukarane vert godt ivaretatt, både ved dei som sorterer under nytt og gamalt ansvarsområde.

Det har vore vanskeleg å stipulere den samla ressursbruken i driftsåret ved denne avdelinga, etter at alle endringane er gjennomført. Ramma må styrkast noko, inntil ein ser korleis heilårsverknadane vert for heile helse- og omsorgssektoren.

Forventa meirutgifter ved ansvar 315 = kr. +75'

Ansvar 360 -HAFS interkommunale barnevernteneste

Teneste 24410 - HAFS interkommunale barnevernteneste

Barneverntenesta har no til saman 5,5 sakshandsamarstillingar og 2 tiltaksstillingar. 1,3 av desse stillingane er midlar frå Fylkesmannen. Ei 100% tiltaksstilling blir refundert frå kommunane sitt tiltaksbudsjett til 24410 ved årsslutt, så dette er ikkje med i rekneskapen for 2.tertial.

Etter søknad til Fylkesmannen i vår fekk barneverntenesta innvilga ei 50% stilling i tillegg til den tidlegare tildelte 80% stillinga barneverntenesta har frå tidlegare frå Fylkesmannen. Før sommaren var alle stillingar bemanna, men no i september har ei av dei fast tilsette slutta og ny tilsett byrjar først i januar 2015. Sidan 18% av stillingane er frå statlege midlar vil ein overføre den delen til fond. Det resterande 82% av lønsmidlane for den perioden vil komme som innsparing på denne tenesta.

På fleire andre budsjettpostar ser det ut til å vere ei mogeleg lita innsparing, samtidig som posten for reiseutgifter er større enn budsjettet. Dette på grunn av at tilsette no fører alle reiser på delteneste 24410 i staden for 25100 og 25200. Motsvarande utgifter til reise for dei tilsette kjem som innsparing på dei andre deltenestene.

Refusjonar frå dei andre HAFS kommunane er kravd inn for 6 månader.

Det ser ut til å verte ei samla innsparing på om lag kr 180 000 ved årsslutt på teneste 24410. Sidan driftsbudsjettet blir fordelt på HAFS kommunane etter barnetal, vil også innsparinga bli det og Solund sin del blir om lag kr 17 000 ved årsslutt.

Teneste 25100 - Tiltak i heimen

På teneste 25100 manglar framleis utgifter til sommarleir for born som kjem først seinare i år, i tillegg til ein del timelister frå besøksheimar og støttekontaktar for denne perioden. Bruk av tiltaksstillinga til Askvoll og Fjaler i Solund, refunderast til teneste 24410 i Fjaler kommune ved slutten av året frå konto 13500.

Nokre tiltak på denne deltenesta har blitt avslutta, samtidig som det har vore naudsynt å sette i verk nye tiltak i andre saker. Slik situasjonen er no ser det ut til at denne tenesta skal ende i balanse. Det er likevel vanskeleg å forutsjå sidan ein ikkje veit kva nye saker som kjem og eventuelle nye behov som vil oppstå i allereie kjende saker.

Teneste 25200 - Tiltak utanfor heimen

Solund har framleis eit born i fosterheim. Utgiftene knytt til denne deltenesta er noko høgare enn budsjettert grunna vidare behov for tiltak. Utgiftene er likevel ikkje høge nok til at ein kjem under Bufetat si refusjonsordning for forsterka fosterheimar. Her stipulerer eg ei overskriding på om lag kr. -60' ved årsslutt.

Administrasjonssjefen sin kommentar / tilråding

Det vert lagt opp til stramme rammer for alle ansvarsområde. Ved å tilføra rammeområde kr. 25' (m.a.o. ei avrunding nedover), så vonar ein at det går mot balanse ved årsslutt.

Forventa meirforbruk ved ansvar 360 = kr. +25'

Ansvar 370

Teneste 24180 - Psykiatri

Planarbeid

Brukarundersøking er ikkje gjennomført.

Det er ei utfordring å få kontinuitet på støttekontakt og treningskontakt.

Det er ynskjeleg å arbeide for ei vidareutvikling av aktiv på dagtid. Her vil ein sjå på om det er mogleg med delegering av ansvar.

Kompetanse

Det er behov for opplæring for helsepersonell i møte med psykisk ustabile klientar. Målgruppa er helsepersonell, treningskontakt, støttekontakt og heimhjelpar.

Tenesta har delteke på tverrfagleg møte med spesialisthelseteneste jfr samarbeidsavtale med psykiatrisk klinikk.

Det manglar tilsette med vidareutdanning i psykiatri for vaksne (jf. kompetanseplan).

Psykososialt kriseteam

Internkontrollen er oppdatert og sendt ut til nye og gamle medlemmer i teamet.

Målet er at vi skal få på plass ei opplæring i dataverktøyet hausten 2014.

Økonomi:

Stillingsheimelen på psykiatri er redusert med 10% ; - frå 40 til 30 %.

Sjå under ansvar 312 - Helsestasjon og skulehelsetenesta.

Korleis vil vi at psykisk helseteneste skal organiserast i Solund Kommune?

Det er på tale å overføra rusomsorgsarbeidet frå NAV til psykiatritenesta. Jf. ansvar 300 om øyremerktemidler som er tildelt.

Psykisk helseteneste har framleis fondsmidler som kan nyttast.

Administrasjonssjefen sin kommentar

Det er gjort interne justering, etter at fellesturnusen er innført som gjer at mindreforbruk er saldert mot andre tenestemråde ved dette ansvarsområde.

Teneste 25300 - Solundheimen avdeling

Fråvær:

Månad	Totalt
Mai	23,65 %
Juni	25,86 %
Juli	18,56 %
August	14,61 %

Det er gledeleg at det totale sjukefråværet har gått ned med om lag 10% poeng, sidan i mai. Det har ikkje vore nytta beordring av personell i dette tertial.

Pasientstatistikk

Pasient inn korttid: 6 stk.
Pasient inn korttid (dagopphald): 1 stk. (Fast 1 gong per veke)
Pasient inn langtid: 2 stk.
Pasient ut: 3 stk.
Dødsfall: 1 stk.

Pasienter innlagt til observasjon av lækjar i ein kort periode: 0 stk.
(jmf. Samhandlingsreform. Desse er og talt med i pasient inn/ut)

Døgnoophald (Er talt med i pasient inn/ut): 0 stk.

Pasientbelegg i %:

Mai	Juni	Juli	August
88,71 %	89,26 %	78,14 %	80,47 %

Turnusarbeid

Sommarturnus varte frå v. 26 -33.

Det er etablert felles grunnturnus for Solundheimen og Heimetenesta.

Personalet som kom frå PU-tenesta er no godt integrert i avdelinga, og det fungerer veldig bra. Dei jobbar på alle avdelingar, og har spesifikke aktivitetar knytt opp mot brukarane.

Innleige av vikarbyrå - konsekvensar

23.06.14 – 10.07.14:

2 sjukepleiarar frå vikarbyrå Helsepersonal AS.

Frå veke 28 - 39:

Sjukepleiar frå vikarbyrå Accurate Care AS.

Dette er ei kostbar løysing og skuldast mangel på fagpersonell. I skrivande stund er det tilsett fagpersonar i desse stillingane og bruk av vikarbyrå opphøyre frå 3. tertial.

At det ikkje har vore fagpersonell på plass, har ført til store ekstrakostnader dette året. Ved utgangen av 2. tertial er det brukt 0,8 mill. på kjøp av slike tenester. Av desse var 0,3 mill. budsjettet. Likeins fører mangel på fagpersonell på mykje overtidsbetaling. Til no er det nytta om lag kr. 275' av eit justert budsjett på kr. 100'

Vikarbyråtenester kostar nær det doble av ordinær løn og overtid 50-100% ekstra pr. time. Det er sett ekstra klutar til for å få på plass fagpersonell og ein har no lukkast i dette arbeidet.

Innsparing:

35 dagvakter og 1 kveldsvakt på innspart vikarbruk

Ut året vert det lagt opp til å unngå ytterlegare bruk av vikar, så sant det ikkje gjeld naudsynt fagpersonell som må på plass. Det vert såleis lagt opp til at ein skal klare dekke inn den interne overtidsbruken med refusjonar og redusert vikarbruk, innan utgangen av året.

Medikament og medisinsk forbruksmateriell vert ført på ansvar 371 og desse kostnadane er vanskeleg å forutsjå nivået på. Dei har vore høvesvis høge dette året. Det er usikkert om budsjettmålet vert halde.

Teneste 25302 – Solundheimen - Kjøken, vaskeri og reinhald

Kjøkenetenesta vert drifta i balanse

Det har vore ei vaskemaskin ute av drift i lengre tid p.g.a. venting på reparatør. Drifta har likevel gått greitt, sidan det har vore lite belegg i sommar, og med godvilje frå dei tilsette. Har no bestilt ei ny maskin, og når vi får fiksa den gamle, vil vi få god kapasitet igjen.

På reinhald er det gjort ei innsparing på 24% stilling, og ledige lønsmidlar er forflytta ved intern budsjettjustering til drifta ved Solundheimen generelt.

Andre driftsutgifter for kjøkenetenesta vert ført på ansvar 373.

Som i fjor, så syner det seg også at dette året vert det vanskeleg å nå inntektsmålet for matsalet.

Dette skuldast at det er ein mindre «marknad å selje desse tenestene mot og ein må vurdere å tilføra budsjettet ekstra midlar for tapte inntekter til neste budsjettår.

25420 / 25430 Heimesjukepleie / heimehjelp

Brukararane:

Tal brukarar varierer i vekedagane, då ein del har tilsyn pr dag, andre har tilsyn pr veke.

På dagtid har ein mellom 18-20 tilsyn pr kvardag

Tilsvarande i helga har ein om lag 14- 16 tilsyn.

På kvelden har ein pr. heile veke om lag 14 tilsyn. Tlf. kontakt kjem i tillegg

Vi vitjar Ytre Solund og Nord Solund 1 dag pr. veke. På kvar stad har ein omlag 3-5 tilsyn.

Båtskyss vert nytta til øyane.

Heimetenesta har auka opp sin ressursinnsats mot PU-tenesta.

Oppgåvene under tilsynet kan også variere, t.d. tilsyn med utdeling av medisin / dosett, stell, dusj, tilrettelegging av måltid og middagslevering m.m.. I Ytre Solund tek ein også blodprøvar og blodtrykksmålingar.

Heimetenesta hjelper i tillegg til med kaffimat og kvelds på avdeling C , kvar kveld.

Trongen for sjukepleiarkompetanse har vore aukande og det er eit tett samarbeid med lækjaren

Samhandling :

Heimetenesta har ansvar for førebyggjande heimebesøk

Frå januar 2014 har alle 75 åringar i Solund fått tilbod om 1 heimebesøk.

Tilsyna har m.a. som mål å førebygga for både sjukdom, skade, ulukker og brann.

Personalet:

Ein er restriktiv med å nytte vikarar. Når drifta tillet det, driftar ein med 1 person mindre på dagtid. Det har vore mangel på sjukepleiarkompetanse.

Fråvær:

Månad	Totalt
Mai	0,79%
Juni	0%
Juli	0%
August	8,99%

Som ein kan lese i tabellen, så er det eit høvesvis lågt sjukefråvær ved denne tenesta.

Anna:

Kostnader med leasingbil vert ført på ansvar 372 og desse har vore høvesvis høge. Likeins kan det gå mot eit mindre meirforbruk på transport helsepersonell på sjø. Frå 3. kvartal driftar heimetenesta med 1 leasingbil og det er von om økonomisk balanse.

Det er trong for å pusse opp vaktrommet i Heimetenesta. Dette kan bidra til å skaffe betre arbeidsmiljø og arbeidsro i framtida.

Samhandlingsreforma - Kommunal medfinansiering:

Signala tyder på at årets avrekning, i motsetnad til året før, vil hamna på budsjettert nivå.

Administrasjonssjefen sin kommentar / tilråding

Strukturendringa og overgang til fellesturnus, har ført til mange rokkingar på ressursbruken ved ansvar 370. Det er difor gjort ei mengd med interne budsjettjusteringar mellom alle tenesteområda ved dette ansvarsområde.

Etter at alle interne justeringar er gjort, så må ansvar 370 tilførast omlag 0,5 mill. for å kunna gå ut i balanse ved årsslutt. Det er vanskeleg å sjå føre seg at noko av dette avviket kan dekkast opp i vesentleg grad. Ein føresetnad for ikkje å få ytterlegare avvik, er at vikarbruken vert minimert ut året. Det vil verte nokre naturlege avgangar om kort tid, men det vil først slå ut positivt, på neste års budsjett.

Forventa samla meirforbruk ved ansvar 370 = kr. +500'

Oppsummert resultat for helse- og omsorgssjefen sine ansvarsområde:

- **Ansvar 310 – Mindreforbruk = kr. - 75'**
- **Ansvar 312 – Meirforbruk = kr. + 25'**
- **Ansvar 315 – Meirforbruk = kr. + 75'**
- **Ansvar 360 – Meirforbruk = kr. + 25'**
- **Ansvar 370 – Meirforbruk = kr. +500'**
- **Ansvar 371 – Balanse**
- **Ansvar 372 – Balanse**
- **Ansvar 373 – Mindreinntekter = kr. - 50'**

Ansvar 400, 600, 601 og 620

Plan- og utvikling, Vatn- og avløp m.m., vaktmeisterteneste, bygg og anlegg m.m.

Overordna merknad til den daglege drifta av eininga:

Drifta har vore prega av eit høgt aktivitetsnivå.

Arbeidsstokken gjer eit godt arbeid med å løysa oppgåvene og dermed syte for at måla for avdelinga kan verte nådd.

Personalsituasjonen: (sjukmeldingar og hms)

To tilsette ved kontoret har vore sjukmelde i lengre tid. Dei har oppgåver og ansvarsområde der ein på kort sikt ikkje får effekt av å ta inn vikarar. Situasjonen er løyst med at dei tilsette elles har vore fleksible og strekt seg langt for å løysa oppgåvene, men likevel er det betydeleg etterslep grunna sjukmeldingane. Kontakt og oppfylgjing av sjukmelde har og vorte prioritert.

Innan område landbruk har vi framleis ei mellombels stilling i berre 30%. Her arbeider ein for å få ei endeleg avgjerd om ein skal samarbeid med andre kommunar i HAFS.

Det vart tilsett fagarbeidar/vaktmeister i den ledige stillinga frå sommaren 2014.

Punktvis avvik i planlagt aktivitet:

Det er noko avvik i framdrift for planarbeid i høve vedteken planstrategi. Dette skuldast bemanningssituasjonen. I tillegg har eininga sett av vesentlege ressursar til arbeidet med innføringa av eigedomsskatt. Ein del av aktiviteten i drifta får derfor noko skuvd ut i tid, og vil ikkje verta belasta budsjettet før i 3. tertial. Det kan også vere investeringar som vert noko seinare gjennomført enn planlagt.

Vedlikehaldsplan

Denne er under arbeid.

Vedlikehaldsplan er planlagt implementert i eit nytt FDV-system denne hausten. I dette systemet vil ein samla grunnlagsdokumentasjon for bygga.

Systemet er WEB-basert og kan ha ubegrensa tal brukarar. Vedlikehaldsbehov og utkvittering av oppgåver kan og enkelt administrerast i systemet. Dette vert eit stort framsteg som har vore etterspurt lenge.

Her kan ein skrive ut rapportar der ein kan få ein vedlikehaldsplan med ulik detaljeringsgrad.

Det må tilførast midlar for å kunna investera i programmet og til dei løpande auka driftskostnader.

Fast dekke bustadfelt Sildevika.

Plan og utvikling har i samarbeid med Gravdal Bygg AS gjort førebuing med legging av fast dekke på veg i Sildevika bustadfelt, som skal overtakast som kommunal veg når vegane har fått fast dekke. Det er Gravdal Bygg AS som står for bestilling i høve til entreprenør som skal legga dekke. Dette er planlagt utført hausten 2014. Solund kommune fylgjer opp for å ivareta kvaliteten på arbeidet.

Avvik i høve talmaterialet:

Grunna sjukmeldingar har ein noko avvik i aktivitet. Dette gjev dels svikt i inntekt, som dels vert noko kompensert med refusjon av sjukepengar. Gebyrutskrivinga for fyrste halvår får vert noko forseinka, av same årsak.

Ein har hatt noko mindre vintervedlikehald enn normalt, men budsjett gjev ikkje rom for å redusere då det ikkje fullt ut er teke høgd for eit normalår. Slitasjen på vegane har vore tilsvarande større m.a. grunna nedbør og flom. Det er derfor ikkje grunnlag for å redusere utgiftpostar her. Utgifta til vedlikehald av dekke har vore større enn i eit normalår.

Ansvar 400, 601 og 620 vil gå mot balanse i høve til tildelte rammer. Eventuelle avvik innan VA-område, vert avrekna mot bundne VA-fond.

Ein har ei forskyving i aktivitet grunna redusert bemanning/vakanse.

Årsak til avvik:

Ein har hatt noko vakanse i stilling som fagarbeidar/vaktmeister. Ramma vart justert ned ved handsaminga av i 1. tertialrapport. Som fylgje av vakanse har ein hatt auka utgift til leige av tenester frå andre.

Korleis korrigere avviket:

Justering innanfor ramma.

Arbeidsstokken gjer eit godt arbeid med å løysa oppgåvene og dermed syte for at måla for avdelinga kan verte nådd.

Administrasjonssjefen si tilråding / kommentarar

Energikostnadane er høvesvis låge pr. 2. tertial.

Dersom denne utviklinga held fram resten av året, kan det verta eit samla mindreforbruk på energi med om lag kr. 75'. Det er også grunn til å tru at det også vert andre generelle innsparingar utover løn, ved vakansar og sjukefråvær.

Etter ei samla vurdering vert det tilrådd at årets ramme på ansvar 620 kan reduserast med om lag kr. 125'. Då er det lagt til grunn ein kostnad på kr. 25' til innføring og bruk av eit elektronisk vedlikehaldsplanprogram.

Summen som vert trekt inn, vert tilliks med ansvar 210, tilbakeført rammeområde før saldering av budsjett for 2015 vert starta.

<i>Forventa resultat ved ansvar 400</i>	<i>= balanse</i>
<i>Forventa resultat ved ansvar 600</i>	<i>= balanse</i>
<i>Forventa resultat ved ansvar 602</i>	<i>= balanse</i>
<i>Forventa mindreforbruk ved ansvar 620</i>	<i>= kr. -125'</i>

Ansvar 800

Tilleggsføringar

Til kommunestyret sin disposisjon

Ved inngangen til budsjettåret hadde Kommunestyret 0,9 mill. til disposisjon.

Mestedelen av ramma er bunde opp i ulike vedtak/ intensjonsvedtak i år 2013:

Tilskot Solund Grendahus	= 500'år 2014
Ev. oppretting av Kulturskule	= 125'år 2014
Ev. utvida SFO-ordning	= 125'år 2014
Rest udisponert	= 150'år 2014

Ramme 210 og 271 fekk overført midlar knytt til K-sak 007/14 (utvida SFO – kr. 55') og K-sak 008/14 (sommárope barnehage – kr. 70').

Ved budsjettjusteringa for 1. tertial vart ramma redusert med ytterlegare kr. 75' som del av inndekninga for meirforbruk i drifta.

Ved inngangen til 2.tertial var tilleggsløyvingsposten på 700'.

Den udisponerte delen av tilleggsløyvingsramma, er då redusert til kr. 175'.

Kommunestyret har i K-sak 028/14 løyvd kr. 50' til eit mogleg utgreiingsarbeid knytt til «kommunesamanslåing øykommunar», i fall søknad om økonomisk stønad frå departementet ikkje vert imøtekommen. Det er sannsynleg at dersom kostnaden kjem til, så skjer dette i år 2015.

Det er tilsett kulturskulerektor. Det vert gjort framlegg om å konvertere kulturskuleramma på kr. 125', frå ansvar 800 til nytt ansvar 121, i tråd med tidlegare øyremerkt løyving.

Det vert også tilrådd at kr. 50' av den udisponerte restløyvinga på kr. 75', vert saldert mot meirforbruk i drifta.

Konvertert løyving frå ansvar 800 til kulturskule = kr. -125'
Forventa mindreforbruk på ansvar 800 (K-styre sin disp.) = kr. - 50'

Rest til kommunestyret sin disposisjon ut året er etter dette kr. 25'.

Til formannskapet sin disposisjon

Ved inngangen til budsjettåret hadde Formannskapet 0,3 mill. til disposisjon. Midlane var tenkt nytta til satsingar/prosessar som var sektorovergripande, og som igjen kunne utløyse eksterne tilskot.

Eigendelar prosjekt	kr. 100'
Fullelektronisk arkiv	kr. 100'
Profil- og omdømeprosess – strategiprosess	kr. 100'

Ved utgangen av 2. tertial har ikkje løyvinga til «eigendelar prosjekt» vorte nytta.

Dei andre løyvingane har vert nytta som planlagt og har utløyst auka tilskot som forutsatt.

Noko av løyvinga til eigendelar prosjekt, bør stå att ut året.

Forventa mindreforbruk på ansvar 800 (F-skap sin disp.) = kr. -75'

Rest til formannskapet sin disposisjon ut året er etter dette kr. 25'.

Til ordføraren sin disposisjon

Ved utgangen av tertialet står det til rest kr. 40' av ordføraren sin tilleggsløyving.

Noko av denne løyvinga bør stå att til disponering ut året.

Forventa mindreforbruk på ansvar 800 (ordføraren sin disp.) = kr. -25'

Rest til ordføraren sin disposisjon ut året er etter dette kr. 15'.

Til administrasjonssjefen sin disposisjon

Ved utgangen av tertialet står det til rest kr. 150' av denne tilleggsløyvinga. Det vert forventa at kr. 50' av denne løyvinga vert nytta ut året.

Forventa mindreforbruk på ansvar 800 (Adm.sjefen sin disp.) = kr. -100'

Rest til administrasjonssjefen sin disposisjon ut året er etter dette kr. 50'.

Ansvar 899

Pensjonsoppgjer og premieavvik

Pensjonsselskapet har tilbakeført overskot til kundane på eit noko høgare nivå enn forventa. Dette gjev ein reduksjon i netto pensjonsutgifter.

Forventa mindreutgifter ved ansvar 899 = kr. 50'

Ansvar 900

Andre overordna driftsinntekter- og utgifter

Under denne ramma sorterer:

- Driftstilskot og tenesteytingsavtale Solund Sokneråd
- Sektorovergripande driftstilskot- og refusjonar elles, som t.d. Fylkeskommunalt tilskot til veg Dalesund-Tangen/Leirvika
- Vidareformidla kompensasjonstilskot frå Husbanken til Solund Bustadstifting

Det vert vist til brev frå Solund Sokneråd, der dei signaliserer eit forventa meirforbruk ved årsslutt. Det ligg også an til ein del innsparingar knytt til vakansar og meirinntekter på refusjonar frå NAV. Administrasjonssjefen ser at ramma samla sett kan verte for knapp, men kostnader til graving er ein usikker post ut året, og det vert tilrådd å avventa til årsslutt med å avgjera om driftstilskotet til Soknerådet skal akast opp, eller om mindreforbruk og meirinntekter elles vil dekke meirforbruk. Det vert også lagt opp til å gjennomgå storleiken på driftstilskotet, ved komande budsjetthandsaming.


NB! Dersom inndekningsplanen for tidlegare års akkumulert underskot ikkje let seg løysa ved årsslutt, vert kommunen nøydd til å yta ekstra driftstilskot / lån i neste driftsår.

Når det gjeld andre overordna driftsinntekter- og utgifter, så ligg det ikkje an til avvik på desse. Om kompensasjonstilskotet frå Husbanken vert lægre enn forventa, vert den delen av tilskotet som skal vidareformidlast til Solund Bustadstifting, også redusert.

Utvikling i sjukefråvær / sjukerefusjonar:

Etter ein sterk oppgang i sjukefråværet frå år 2011 til 2012, har utviklinga synt ein svært positiv tendens. Det har vore gjort ein forvaltningskontroll på sjukefråvær i Solund kommune og konklusjonane av undersøkjingane vert presentert i desse dagar.

Rapporten forhold seg diverre ikkje til den siste tids utvikling; - ei utvikling som var føreseieleg. Ei heller at det er ein tett og god oppfølging av dei sjukemelde i Solund kommune, som ikkje berre følgjer minimumskrav i nedfelte forskrifter og retningslinjer.. Utviklinga i lækjarmeldt sjukefråvær har vore slik:



Administrasjonssjefen er glad for at utviklinga har snudd igjen. Sjukefråværet er likevel høgt, og det vert arbeidd aktivt for å forsøka dempa statistikken ytterlegare. Ein ser fram til ei fortsatt god utvikling frametter.

Oppsummert framlegg til budsjettjusteringar i drift:

Konto	Ansvar	Teneste	Tekst / Kommentar:	Auka utgift (+)	Redusert utgift (-)	Auka inntekt (-)	Redusert inntekt (+)
18000	900	84000	Auka rammetilskot			-65 000	
18700	900	80000	Redusert skatt				265 000
18750	900	80000	Auka eigedomsskatt			-200 000	
15400	900	88000	Redusert avsetnad til disp.fond		-100 000		
15700	900	88000	Auka overføring til investering	100 000			
13500	120	20250	Vakanse PPT		-40 000		
17100	120	20250	Auka refusjonsinntekt PPT			-35 000	
10---	121	38300	Løn kulturskule - nytt ansvar	125 000			
14903	800	38300	Konvertert Kulturskule		-125 000		
10---	210	div.	Redusert løn skule		-200 000		
1----	310	23300	Vakanse folkehelsekoordinator		-115 000		
17301	310	23300	Red. tilskot frå Fylkeskommune				65 000
10100	312	23210	Periodiserte utgifter helsesøster	25 000			
10100	315	25410	Løn PU-teneste	75 000			
13505	360	24410	Meirforbruk barnevern	25 000			
13700	370	25300	Kjøp av vikarbyråtenester	500 000			
16200	373	25302	Reduserte inntekter kjøken				50 000
17700	410	38600	Ref. reinhald næringsbygg			-25 000	
15500	420	23460	Periodisert inntekt Frivilligsentra	100 000			
1----	620	19000	Reduserte driftsutgifter		-150 000		
13700	620	30000	Kjøp av vedlikehaldsplanverkty	25 000			
10903	899	19000	Tilb.ført overskot pensj.kostn.KLP		-50 000		
14903	800	19000	Redusert tilleggsløyving K-styre		-50 000		
14902	800	19000	Redusert tilleggsløyving F-skap		-75 000		
14900	800	10000	Redusert tilleggsløyving Ordførar		-25 000		
14900	800	12000	Redusert tilleggsløyving adm.sjef		-100 000		
			0	975 000	-1 030 000	-325 000	380 000

Ansvar 901 - Investeringar

Det har vore arbeidd aktivt med både gamle- og nye investeringsprosjekt dette året.

Det er meldt inn nokre sterke behov for auka løyvingar, som det er ynskjeleg å få prioritert i og med denne tertialjusteringa.

Dette er vesentlege summar, men administrasjonssjefen meiner det er viktig å få stetta desse behova, slik at ein kan halde ei god framdrift i prosjekta.

Nye innmelde behov er:

Oppstart av Storehaugen bustadfelt (jf. også eiga sak om flyktningar/integrasjon).

Dette krev at forventna salsinntekt i år 2014 truleg må flyttast til seinare år (kr. -300´)

Anbudsopninga på trafikktryggingstiltak 2014 syner at det er trong for kr. 400´ ekstra i høve kalkyler som vart presentert i planleggingsfasen. Det er allereie ytt om lag kr. 300´ i tilskot til tiltaka, og ein står i fare for å mista desse om framdrifta ikkje held fram og prosjekta vert fullført. Det kan vera også mogleg at ein kan oppnå auka tilskot, utan at dette vert lagt opp til ved denne justeringa.

Det står ei løyving til Gangveg Hardbakke i år 2016, som er å sjå på som ei tilleggsløyving.

For å få starta opp prosjekt kunstgras idrettsbane, så er det stilt krav til rassikring. Det føreligg no eit tilbod på dette arbeidet som krev kr. 450´ auka løyving til føremålet. Det er grunn til å tru at tippemidlar vil dekkja 1/3 av denne kostnaden. Netto auka finansieringsbehov er såleis på om lag kr. 300´. Det er løyvd kr. 200´ netto til føremålet i år 2015.

Sansehagen er no ferdigstilt og prosjektet vart fullført i den tru at løyvinga frå år 2013 framleis var intakt. Denne løyvinga vart midlertid flytta til år 2016 i budsjettprosessen hausten 2013.

Det er trong for å flytta løyvinga frå år 2016 til år 2014, eller yta ei ekstra løyving på kr. 100´.

Det vert tilrådd at dette vert ei ekstraløyving, sidan del 2 på prosjektet allereie er starta opp.

Oppsummert nytt finansieringsbehov år 2014:

Storehaugen bustadfelt	kr. 300´ (flytte salsinntekter til seinare år netto = 0)
Sansehage	kr. 100´ (hente løyving kr. 100´ frå år 2016 netto = 0 / ev. ny løyving)
Trafikktryggingstiltak	kr. 400´ (hente løyving kr. 212´ (gangveg) frå år 2016 + ny løyving)
Rassikring (netto)	kr. 300´ (hente løyving kr. 200´ frå år 2015 + ny løyving)

Sum finansieringsbehov kr.1.100

For å finna dekning for desse behova, vert det foreslått å stilla i bero ein del prosjekt som likevel ikkje vil verta starta opp i år 2014. Løyvingane vil då verta tatt med i den totale budsjett- og økonomiplanlegginga utover hausten. Løyvingar som er årvisse og står som ei uspesifisert unytta tilleggsløyving, vert tilrådd storkne for godt.

Framlegg til finansiering vert som følgjer:

Kvalitetssystem SYSIKT	- 85´ (må vurderast på nytt i år 2015)
Arbeidsmiljøtiltak	- 50´ (årvisse løyving – vert sletta)
El-installasjonar Solundheimen	- 138´ (må planleggast og vurderast på nytt seinare år)
Sanitæranelegg Hersvik	- 250´ (må gjennomførast i år 2015)

Utvikling næringsareal	- 250' (må spesifiserast og gjennomførast i år 2015)
Vegkryss Solneset	- 73' (må vurderast på nytt i år 2015)
ENØK-tiltak	- 50' (årviss løyving – vert sletta)
Rassikring Kverhella	- 100' (må gjennomførast i år 2015)
Veg Sjøneset	- 100' (må gjennomførast i år 2015)
Auka bruk av ubunde kap.fond	- 4'

Sum finansiering **1.100'**

Kr. 100' av Utvikling næringsareal og heile løyvinga til Vegkryss Solneset (kr. 73'), er finansiert med høvesvis disposisjonsfond og ubunde kapitalfond.

Desse disponeringane vert tilrådd endra tekst til sine respektive nye føremål.

Som det går fram av finansieringsbehovet, så er det om lag kr. 3-400 ' som det ikkje finst inndekning for seinare år. Om ein slettar for godt dei årvisse unytta løyvingane, så er det om lag kr. 2-300' ein anten må finna dekning for i komande budsjett- og økonomiplanprosess, om ein vel å gå for å oppretthalde dagens investeringsnivå i planperioden.

Under følgjer ein statusrapport på prosjekta som er under arbeid:

Oppgradering FØYS / EHF / Reiserekningsmodul

Framdriftsplanane har vore avhengig av SYSIKT / FØYS si framdrift. Svært mange FØYS-oppgaderingsprosjekt går parallelt. Det har vore mange skjer i sjøen.

Sluttavrekningar er ikkje mottekne.

Fullelektronisk arkiv / nytt økonomisystem

Dette tertialet har Solund sett ekstra fokus på digitalisering av drifta (jf. Prosjekt «fornyng og innovasjon - fullelektronisk arkiv»). Det vart forsøkt hanke inn eksterne tilskot til dette føremålet. Dette lukkast ein ikkje med å få til.

Løyvinga på kr. 350' vert tilrådd stroken og tatt opp igjen mot neste års budsjett. Omsøkt tilskot på same sum vert då også stroken og denne endringa gjev såleis ingen resultateffekt.

Kvalitetssystem SYSIKT

Dette prosjektet har vorte sett litt på vent, grunna langtidssjukemelding for prosjektleiar.

Restløyvinga på kr. 85' vert tilrådd overført til prosjekt «Trafikktryggingstiltak».

Mobilutbygging Kverhella, Strand, Hersvik – Fiberprosjekt i- og rundt sentrum

Naudsynte tilleggsløyvingar er vedtekne, slik at prosjekta kan fullførast etter reviderte planar.

Strand og Husefjell får 4G-dekning allereie i november d.å.

Kontrakt på fiber Sildevika – Eide er skriven og er pårekna ferdig ultimo år 2015.

Det er ei svært god framdrift på desse prosjekta no og løyvingane vert nytta fullt ut.

Ny løyving til fiber Ytre Sula vert det utarbeidd anbodspapir på, og skal sendast ut dette året.

Pårekna ferdigstilling i år 2016. Her må ein i budsjettprosessen arbeide med å få på plass ein kommunal eigendel.

Arbeidsmijøtiltak

Dette er ei årviss løyving. Denne er ikkje nytta dette året.

Omdøme / profilering / planmaterieell - BULYST

Restløyvinga vert nytta som følgje av strategiprosessen som no går føre seg.

Klatrepark - BULYST

Det vert no arbeidd med å finna plasseringa av denne parken. Prosjektet er lagt opp med fullfinansiering med tilskot.

Skateboardpark - BULYST

Er i ferd med å verta ferdigstilt

Tettstadforminga - BULYST

Prosjektet vil halde fram, straks ein har fått tilsett ein prosjektleiar

Rehabilitering administrasjonsbygg

Gamalt forværelse til politisk leining, er no omgjort til møterom.

Bibliotek / møterom

Planløyving er no på plass. Arbeidet vert starta opp inneverande år.

IKT skule

Kabling er no gjennomført i bygga, og løyvinga er nytta.

IKT-utstyr vert innkjøpt i tråd med løyvingane i år 2014.

Fasade skulebygg /tilbygg toalett og musikkrom – rehabilitering skulebygg

Løyvinga til fasade var opphavleg kalkulert til 0,4 mill., men er no kostnadsrekna til 3,0 mill. Løyvinga vart i si tid stroken og lagt inn i rehabilitering skulebygg-ramma.

Ein vesentleg del av auken skuldast at det no syner seg å vera trong for utskifting av vindauge.

Samstundes er tilbygg til toalett/musikkrom kome. Dette prosjektet er også kostnadsrekna til om lag 3,0 mill.

Det er levert ei planløyving til kommunen som er annleis enn bestilt, og det er å forvente at eit justert kostnadsoverslag kan verte om lag 1,5 mill. dyrare enn det som no føreligg.

Rehabiliteringsramma i økonomiplanen for desse prosjekta er om lag på 3,0 mill. samla sett.

Dette er også om lag nivået på restramma som kommunen får rentekompensasjonsmidlar på.

Dette betyr igjen at ein må gjere prioriteringar og/eller auka opp ramma vesentleg for dette prosjektet i komande budsjett- og økonomiplanprosess.

Uteområde/leikemiljø:

Her er det innhenta kostnadsoverslag på oppjustering/vedlikehald av det store leikeapparatet på barneskulen.

Ein vil starte arbeidet med dette så snart ein har kostnadsrekna nærare på dette.

Opprustning ungdomsskule – klasserom / personalrom m.m.:

Det er utført noko malingsarbeid innvendig, men det står framleis att oppussingsprosjekt på personalrom og klasserom. Det er her den mest vesentlege delen av dei eksterne kostnadane vil koma til å løpa. Ein vonar å kome i gang med resten innan utgangen av året.

Dusjar og garderober idrettsanlegg

Det er meldt om behov for å lage avlukke i dusjanlegget, for å hindra innsyn frå barfotgang.

Ein kjem tilbake til dette i budsjettprosess.

Uteområde barnehage

Oppgradering av barnehagen er ferdig, men uteområdet er ikkje ferdigstilt.

Løyvinga til uteområde og inventar / utstyr, har frå administrasjonssjefen si side vore sett i samanheng med hovudprosjektet.

Sluttavrekninga syner at hovudprosjektet fekk ei overskriding og om ein vil unngå ei samla overskriding, må løyvinga til uteområde stå unytta.

Det er svært ynskjeleg for eininga at midlar som er sett av i Økonomiplanen, vert flytta frå år 2016 til år 2015, slik at ein kan ferdigstille arbeidet. Om dette vil ein koma attende til i budsjettprosessen

Sansehage Solundheimen

kr. 100' var opphavleg løyvd til dette prosjektet, utanom bruk av bundne gåvemidlar (om lag 230').

I budsjettprosessen i fjor, vart denne løyvinga flytta til år 2016.

Prosjektgruppa har forhalde seg til opphavleg løyving, og er i gang med planlegging av del 2 av prosjektet.

Det er viktig at prosjektet får tilbake løyvinga på år 2014, slik at del 2 av prosjektet kan halde fram.

Ny heis Solundheimen

Prosjektet er fullfinansiert, og oppstart av arbeid skjer i desse dagar

Utstyr Solundheimen (24t.-EKG og maskinpark vaskeri m.m.)

Er innkjøpt og tatt i bruk. Løyvinga vert nytta

El-installasjon Solundheimen

Arbeidet er ikkje starta opp. Restløyvinga vert foreslått å gå ut i år 2014. Det står att kr. 50' på år 2015, som kan nyttast til planlegginga av prosjektet.

Utvikling Solund Prestegardsmark

Planlegging er starta. Kostnader vil påløpe i år 2014.

Sanitæranlegg Hersvik

Oppstart vil ikkje skje i år 2014. Løyvinga vert tilrådd overført til år 2015. Jamfør innleiinga til avsnitt om investering.

Utvikling næringsareal

Kostnader har ikkje kome til i år 2014. Vert tilrådd overført til år 2015. Jamfør innleiinga til avsnitt om Investering.

Eigedomsskatt

Sjå eige avsnitt under ansvar 100 i drifta.

Det synte seg å vera vanskeleg å få nytta eigne resursar i takseringsarbeidet, slik som forutsatt.

Det vart såleis kjøpt tenester, for å få gjennomført prosjektet. Dette har ført til langt høgare direkte kostnader enn planlagt. Det er tilrådd å styrkja prosjektet med meirinntekter på kr. 100', som då vil verta overført frå drift til dette investeringsprosjektet.

2260 Avkøyrsløp (snuplass)Lending:

Er under arbeid og vert ferdigstilt hausten 2014.

2694/2747 Geovekstprosjektet

Under arbeid.

2748 Adresseprosjektet:

Formannskap og kommunestyre har vedteke adresseføresegn og sett ned namnenemnd. Neste steg er å bestemme parsellane før nemndene startar sitt arbeid.

Det vert tilrådd å flytta kr. 100' av dette prosjektet til innkjøp sløkkjeutstyr.

Løyvinga til sløkkjeutstyr, som ideelt sett skulle vore montert på ny brannbil før levering, står som ei løyving i på år 2015, medan brannbilen no er innkjøpt og under levering

2749 Brannsyn 2014

Det er sett i gang tilbodsinnhenting for å lukka avvik med tilkomst til 2. høgda på kommunehuset. Dette gjeld repos, rampe og godkjent rømingdør.

2751 Utrykningskøyretøy

Det er føreteke tilbodsinnbyding og inngått kjøpekontrakt for ny brannbil som erstattar eldre bil frå 1988. Levering skjer i 2014. Det er ynskjeleg å få montert sløkkjeutstyr på bilen, før levering.

ENØK

Det er ei årviss løyving. Denne er ikkje nytta dette året.

2753 Oppgradering Hardbakke Vassverk.

Under arbeid.

Vassforsyning Ytrøy

Under arbeid

2754 Oppgradering kommunale vegar

Dette prosjektet pågår. Utført reinsk og legging av fast dekke på fleire parsellar.

Oppgradering kaiar

Registreringsarbeid og plan for utbetring, er under utarbeiding

2759 Rassikring veg Kverhella

Planlegging vert oppstarta 2014

Vert foreslått omdisponert til nye finansieringsbehov. Sjå innleiing til dette kapitlet.

Vert utført i år 2015.

2760 Trafikktryggingstiltak/aksjon skuleveg:

Det er innhenta tilbod for fortau Hardbakke og føreteke tilbodsopning. Tilbod ligg vesentleg over kostnadsramma for tiltaket, og ein vil no arbeida med løysing slik at ein kan kome i gang. Det er ynskjeleg me dei tilleggsloyving til prosjektet i storleiksorden kr 400.000,- slik at ein kan oppretthalde standarden på tiltaket.

Gangveg Hardbakke sentrum

Løyvinga er nytta

Rassikring Idrettsbane

Kostnadsoverslag føreligg. Netto kostnad er kr. 100' høgare enn budsjettert (i år 2015).

Det er viktig å få til ein oppstart, og løyvinga vert foreslått auka og flytta til år 2014.

2761 Veg Tangenes/Leirvika:

Arbeidet med vegprosjektet går framover. Om lag 1200 meter av vegen er no grusa. Anleggsdrifta går no framover med den fyrste parsellen. Det er jamnlege byggjemøter på anlegget. Det har ikkje vore uhell eller avvik og samarbeidet mellom beggherre og entreprenør er godt.

Veg Sjøneset

Arbeidet er ikkje kome i gang i år 2014. Vert foreslått omdisponert til år 2015. Vert å vurdere på nytt i komande budsjettprosess. Sjå innleiing til dette kapitlet.

Veg Skarnagel

Det er avtalt eit oppstartsmøte med initiativtakarane i desse dagar.

Vegkryss Solneset

Under planlegging. Vert tilrådd omfordelt i år 2014. Til ny vurdering i år 2015.

2763 Bustadfelt Storehaugen:

Klart for utlysing på anbod, men det føreset sal av ei tomt før tiltaket kan gjennomførast. Det er i denne saka foreslått at forventa salsinntekt vert flytta til seinare år, slik at oppstart kan skje. Jamfør innleiinga til dette kapitlet.

Bustadfelt Ytrøygrend / Tun+

Oppstart føreset sal av tomt.

Tilbakekjøp tomtar Eide

Jf. Eiga sak om dette.

Kunstgras Idrettsbane

Prosjektet er fullfinansiert lokalt, men oppstart er avhengig av at rassikringsarbeide vert gjennomført

Investeringstilskot til Solund Sokneråd

Vert gjennomført i tråd med justerte planar.

Prosjektrekneskap – oppfylling merknad

Det vart i revisjonsmeldinga påpeikt at det ikkje var lagt fram prosjektrekneskapar for prosjekt som vart avslutta i år 2013. Det vart i rekneskapssaka signalisert at desse rekneskapane skulle leggst fram for Kommunestyret i oktobermøtet.

Grunna eit stort arbeidstrykk knytt til innføringa av eigedomsskatten, så rakk ein diverre ikkje å lage desse rekneskapane til kontrollutvalet sitt haustlege møte.

Administrasjonssjefen har vore i kontakt med revisjonen og det er semje om at desse prosjektrekneskapane skal sendast revisjonen og kontrollutvalet i god tid før neste planlagde kontrollutvalsmøte.

Oppsummert framlegg til budsjettjusteringar i investering

Tekst / Kommentar:	Auka utgift (+)	Redusert utgift (-)	Auka inntekt (-)	Redusert inntekt (+)
Eigedomsskatt	100 000			
Overføring frå drift			-100 000	
Sløkkjeutstyr	100 000			
Adresseprosjekt		-100 000		
Fullelektronisk arkiv m.m.		-350 000		
Budsjettert tilskot				350 000
Uteområde Solundheimen / Sansehage	100 000			
Trafikktryggingstiltak	400 000			
Rassikring Idrettsbane	300 000			
Sal eigedom Storehaugen				300 000
Kvalitetsystem SYSIKT		-85 000		
Arbeidsmiljøtiltak		-50 000		
El-installasjonar Solundheimen		-138 000		
Utvikling Hersvik		-250 000		
Vegkryss Solneset		-73 000		
Utvikling næringsareal		-250 000		
ENØK		-50 000		
Rassikring Kverhella		-100 000		
Veg Sjøneset		-100 000		
Bruk av ubunde kapitalfond			-4 000	

Avslutning:

I tertialrapporten går det fram at løyvingane er knappe, men at det likevel er von om at ein skal klare å få balanse i drifta ved årsslutt.

Dette krev ei stram drift og at nokre definerte føresetnader vert oppfylt.

Dersom føresetnadane ikkje vert oppfylt, og det går mot ubalanse i drifta, så vil budsjetterte avsetnader til disposisjonsfond og investeringsføremål verta strokne før sluttstrek vert sett.

Det er gjort eit svært godt arbeid ved dei ulike einingane, og det skjer mykje positivt og utviklingsorientert arbeid. Dette vil kunna gje gode effektar på samfunnsutviklinga i framtida.

Den utviklingsorienterte prioriteringa, gjev seg ofte utslag i større investeringsbehov, noko som både kan gje utfordringar på prioriteringssida, men Det er eit godt teikn. Det er grunn til å sjå fram mot budsjett- og økonomiplanprosessen, der ein må gjere vanskelege prioriteringar, men også prioriteringar som kan vera med å forsterka ei positiv utvikling.



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
KOMMUNESTYRE	043/14	23.10.2014	ERIASK

Avgjerd av: Solund kommunestyre	Arkiv: K1-217 Objekt:	Arkivsaknr 13/270
---------------------------------	--------------------------	----------------------

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT SJUKEFRÅVÆR OG SYSTEM FOR OPPFØLGING

SOLUND KONTROLLUTVAL SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Sjukefråvær og system for oppfølging, datert 11.7.2014, og ber administrasjonen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet med å utvikle eit godt system for oppfølging av sjukefråværet i Solund kommune i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdelov og eigne rutinedokument.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.06.2013	SEKOM-sekreteriat	KONTROLLUTVALET SI SAK 012/13 FORVALTNINGSREVISJONSPROS JEKT SJUKEFRÅVÆR - ÅRS AK OG SYSTEM FOR OPPFØLGING
2	I	17.01.2014	KRYSS REVISJON	INNKALLING ITL OPPSTARTSMØTE FORVALTNINGSREVISJON 10.02.14
3	I	12.02.2014	KRYSS REVISJON	MØTEREFERAT OPPSTARTSMØTE FORVALTNINGSREVISJON 10.02.2014
4	I	19.02.2014	KRYSS REVISJON	GJELD MEIR INFORMASJON/DOKUMENTASJ ON
5	U	13.03.2014	KRYSS REVISJON	GJELD TILBAKEMELDING PÅ INFORMASJON/DOKUMENTASJ ON
6	U	15.04.2014	KRYSS REVISJON	GJELD ETTERSENDING AV DOKUMENTASJON
7	U	03.07.2014	KRYSS REVISJON	MERKNAD TIL HØYRING FORVALTNINGSRAPPORT
8	I	04.09.2014	SEKOM-sekreteriat	FORVALTNINGSREVISJONSPROS JEKT: SJUKEFRÅVÆR OG SYSTEM FOR OPPFØLGING

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
8	I	04.09.2014	SEKOM-sekreteriat	FORVALTNINGSREVISJONSPROS JEKT: SJUKEFRÅVÆR OG SYSTEM FOR OPPFØLGING

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:**KVA SAKA GJELD:**

Forvaltningsrevisjonsprosjekt: Sjukefråvær og system for oppfølging

SAKSUTGREIING:

Viser til Solund kontrollutval si sak 016/14 med vedlegg handsama i møte 04.09.2014.

SOL-016/14 Vedtak:

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Sjukefråvær og system for oppfølging, datert 11.7.2014, og ber administrasjonen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet med å utvikle eit godt system for oppfølging av sjukefråværet i Solund kommune i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdelov og eigne rutinedokument.

VURDERING:

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 28.10.2014	Saksnr 022/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 14/186
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett 2015 for kontrollutvalet i Solund

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto		Budsjett 2015
10800	Godtgjersle folkevalde	20 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 000
11500	Opplæring/kurs/seminar	10 000
11600	Reise- og kostgodtgjersle	2 500
11950	Kontingent FKT	1 500
	Sum drift	36 000

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element: revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet, og det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre.

Solund kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Møtegodtgjersle/ tappt arbeidsforteneste

Arbeidsgjevaravgift

Opplæring/kurs/seminar

Skyss- og diettgodtgjersle

Kontingentar

For kontrollutvalet i Solund gjeld følgjande satsar for godtgjersle:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsfortjeneste, ulegitimert kr 260 pr. møte for møte inntil to timar og kr 820 pr. møte for møte over to timar Legitimert tap arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr 1.680.
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar er kr 1.380 pr. møte.
- Møtegodtgjersle for medlemar/varamedlemar i kontrollutvalet er kr 920 pr. møte.

Konto		Budsjett 2015	Budsjett 2014	Rekneskap 2013
10800	Godtgjersle folkevalde	20 000	19 000	
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 000	500	
11500	Opplæring/kurs/seminar	10 000	10 000	1 400
11600	Reise- og kostgodtgjersle	2 500	2 500	
11950	Kontingent FKT	1 500	2 000	1 200
	Sum drift	36 000	34 000	2 600

Møtegodtgjersla til kontrollutvalet har vore ført saman med utgifter til andre folkevalde, og vi klarer difor ikkje få fram rekneskapstala, dette bør endrast slik at det vert ført på teneste 11051 kontrollutval frå 2015.

SEKOM-sekretariat har føreslege ein liten auke i budsjettet for 2015 sett i forhold til 2014, då arbeidsgjevaravgifta var budsjettert for lågt i 2014. Vi reknar med at opplæring av nye folkevalde i hovudsak vert gjennomført i januar 2016, og at det difor ikkje vert noko høgre utgifter til dette i 2015.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 28.10.2014	Saksnr 023/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/204
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingliste 4-2014

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
06/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	11.02.09	Informasjon frå rådmannen/einingane. Kvartalsrapportar som skriv og melding. Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som skriv og melding. Orientering frå revisor. Kvalitetsrapportar frå revisor som gjeld Solund. Årleg orientering om byggjerekneskap.
Forvaltningsrevisjon «Sjukefråvær og system for oppfølging».	5.6.2013 29.10.2013 11.7.2014 4.9.2014 5.9.2014 23.10.2014	Sak 12/13 Tinga og sendt til KRYSS-revisjon. Frist: 31. mai 2014. Sak 018/13 Prosjektplan godkjent. Revisjonsrapport levert av KRYSS-revisjon. Vedtak sak 16/14: Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Sjukefråvær og system for oppfølging, datert 11.7.2014, og ber administrasjonen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet med å utvikle eit godt system for oppfølging av sjukefråværet i Solund kommune i tråd med arbeidsmiljølov, folketrygdelov og eigne rutinedokument. Sendt Solund kommune/kommunestyret. Sak 043/14 i kommunestyret
03/14 Møteplan for kontrollutvalet i Solund 2014	13.3.2014	Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Solund for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 10. juni, 4. september og 28. oktober.
Forvaltningsrapport – Vurdere bemanninga og ressursbruken på ulike tenestekområde.	10.6.2014 11.6.2014 4.9.2014	Sak 11/14 Val og tinging av rapport. Leveringsfrist: 30.4.2015. Sendt til KRYSS Revisjon Sak 017/14 Prosjektplan godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 28.10.2014	Saksnr 024/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/264
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).